

Andrea – ein sikker Dønhaug-vinnar!

08.08.2008



Andrea, Geoff og Michael hadde stor Dønhaug-suksess nok ein gong. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Andrea Rice, det nordirske fyrverkeriet av ein artist, er ein sikker vinnar på Dønhaug. Ho vart helsa velkome med klappsalar til konsert nummer fem i Uskedalen før ho hadde sunge ei strofe torsdag kveld. Publikum hadde store forventningar og Andrea innfridde nok ein gong. Dei 60 som var der hadde ein stor kveld og neste torsdag får dei og andre sjansen igjen!



Aoife (8) song saman med mora. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vi har før filososert over grunnane til at ein så liten nasjon har makta å bringa sin unike song- og musikkskatt ut til heile verda og fått dei fleste til å falla for han. Ein av forklaringane er at skatten kjem rett frå folkesjela og er ur-ekte. Det har ein i høgste grad ei kjensle av når Andrea syng, spesielt når ho er på det inderligaste, akkompagnert berre av seg sjølv på harpe.



Jane og Frank Pedersen dansar på Dønhaug og vart takka for at dei er så trufaste mot Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dessuten har den irske songen og musikken ein sterk appell til oss nordmenn også fordi han er så livleg og kvikk. Repertoaret denne kvelden var ein harmonisk blanding av kvikke nummer og kjenslevare songar, alt prega av Andreas ruvande posisjon. Uskedalen er privilegert som får henne på besøk gong på gong.

Dønhaugkjedlaren er nok noko av det nærmaste ein kan komma når det gjeld å gjenskapa irsk pubstemning på norsk jord. Og det er nok grunnen til at Andrea trivs så godt der. Ho har også stått på scena i låven to gonger, men kjenner seg meir heime i den tette og intime kjedlaratmosfæra. Der han ho (og ektemannen Fee Dobbin) småprata med publikum. Det er ho flink til og vi kjenner knapt nok ein annan artist som med få ord kan laga ein så spanande introduksjon til songane sine.

Denne gongen hadde Magne Huglen sett eit tak på 60 gjester og det var klokt. Det var ikkje for trangt og alle trivdes. Når det gjeld bandet, nådde Geoff Ward, som spelar banjo og mandolin, ikkje flyet til Bergen. Han var sakna, men Fee (kontrabass og bodhran) og Michael Chang (fiolin) klarte i høg grad å kompensera for fråveret. Michael må vera ein av Irlands sprekaste og beste fiolinistar og det seier ikkje så lite!

Neste torsdag vil vi ikkje få oppleve korkje Michael eller Geoff, men til gjengjeld kjem ein av Irlands fremste musikarar i kjedlaren: Brendan Monaghan er mellom anna ein messter på irsk sekkepipe. Men når vi er inne på bandet må vi slett ikkje gløyma eit nytt innslag, den åtte år gamle dottera til Andrea og Geoff. Aoife både song og dansa seg inn i hjarta til publikum og særleg var det ei sterk stund då ho song "Molly Malone" saman med mora. Då var det det nok like før enkelte tok til tårene!

Ellers skal Magne Huglen ha ros for at han gjorde stas på eit dansk par som uskedalen.no skreiv om her om dagen: Dei har vore her 25 gongar og i dag feirar Jane og Frank Pedersen 20 års bryllupsdag på Rabben!.

Av Ola Matti Mathisen



Det vart også tid til ein polka og Synnøve Handeland og Ina Katrine Handeland utfalda seg skikkeleg. (Foto: Ola Matti Mathisen)